



Bjørnar Floen
Slettevegen 851
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/6052 - 23/77652

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
06.10.2023

Førebels svar med trong for tilleggssopplysningar - gbnr 499/1 Ystebø

Viser til motteke tilleggsdokumentasjon 24.09.2023.

Som det er skrive i vårt brev datert 28.08.2023 må det søkjast om dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelfplan for Radøy. Det må også søkjast om dispensasjon frå føresegnene punkt 3.4.3 om avstand til eksisterande driftsbygning. Innformasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)

Me er usikre på om tilleggssopplysningane frå dykk er meint som ein dispensasjonssøknad. Dersom dette er tilfelle er argumentasjonen for kvifor de meiner at det skal gjevast dispensasjon heller dårleg. Ut frå dette kan ein forvente at Statsforvaltar vil vere negativ til at det vert gjeve dispensasjon.

Ein må argumentere for at omsynet bak LNF formålet ikkje vert sett vesentleg til side ved at det vert gjeve dispensasjon. Og at fordelane med å gje dispensasjon vil vera klart større enn ulempene. Det siste for allmenta.

Sjølv om de skriv at eksisterande driftsbygning ikkje skal nyttast som driftsbygning tilrår me at det likevel vert søkt dispensasjon frå punkt 3.4.3. At bygningen ikkje skal brukast som driftsbygning, men meir som reiskapshus kan vera eit argument for at dispensasjon skal gjevast.

Ber om tilbakemelding på om mottekne tilleggssopplysningar skal forståast som ein dispensasjonssøknad. Ber også om tilbakemelding på om de ønskjer at me skal handsame dispensasjonssøknaden for seg. Eller om me skal vente til mellom anna søknad om avkøyrslø er avgjort og nabovarsling er stadfesta.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak.

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørnar Floen
Rigmor Nottveit

Slettevegen 851
Slettevegen 851

5939
5939

SLETTA
SLETTA